

ØRSKOG HISTORIELAG med årsmøte 2014: **STOR BREIDDE I OPPGÅVER OG AKTIVITETAR**

Ørskog historielag har hatt årsmøte på Kyrkjetoget – med jamt godt fram møte.

Årsmeldinga for 2013 viser at laget har hatt nok eit aktivt år. Ei rekkje ulike oppgåver er omtala i ei fyldig årsmelding. Vi kan elles vise til fine avisomtalar knytte til laget sitt arbeid – jf. m.a. Nytt i Uka, Bygdebladet og Sunnmørsposten.

Vi tek her med organiseringa av laget – noko som viser den store breidda i arbeidet!

Ørskog historielag har eit hovudstyre og sju undernemnder/utval med sine spesielle oppgåver.

- **Husstyret** som tek seg av Paktarhuset.
- **Skriftstyret** – dei har årsskriftet som sitt årlege prosjekt.
- **Teknisk utval** – utvalet har ei rekkje oppgåver knytte til – lokomobilen, kvernhuset, smia kraftstasjonen, gruvene/malmbana m.m.
- **Aktivitets- og museumsnemnd.** Denne tek seg av alle gåver som laget mottok – registrerer og lagar system på dette. Nemnda er elles arrangør for ulike aktivitetar i laget sin regi.
- **Fotoregistrering.** Vi har no avfotografert og registrert nærare 1.200 bilete. Meir vil kome!
- **Postveg nemnda** har oppgåver knytte til Postvegen frå Amdam til Vestnes grense. Arbeidet med renovering av vegen mellom Myrløken og Haugsætra pågår i desse dagar. Restaurering av Øvste Tverrelvbrua er gjennomført i 2013. Postveg marsjen har blitt ein årleg tradisjon der ØH er medarrangør.
- **Ørskogkalendaren:** Laget tek sikte på ny utgåve for 2015 – i lag med Ørskog Rotary.
- **Digitalisering av kyrkjebøkene** er eit pågåande arbeid med Ole Øystein Nybø i spissen.
- **Hovudstyret** på fem personar er samordnande for alt arbeidet. Kveldseta er styret sitt ansvar saman med bygdevandringar og enkelte andre tilskipingar.
- ØH er også sentral i **Olav Øksvik stiftinga** med tre av fem medlemmer.

Vala gjekk greitt unna på årsmøtet. Alle tillitsverv har folk på plass. I avisa vil vi finne eit oversyn for det som gjeld vala. Grete Leikny Gjerde held fram som leiar i 2014.

Årsmelding og rekneskap vart godkjende. Årsmeldinga ber preg av at laget arbeider breitt i høve målsetjinga om å ta vare på og vidareformidle lokal kulturarv.

På årsmøtet vart Paktarhuset si framtid drøfta som eiga sak – sjå eige oppsett om dette.

Årsmøtet vedtok elles å slå saman to av nemndene: Aktivitets/museumsnemnd og husstyret blir ei nemnd der Ove Eide går inn som leiar i 2014.

Årsmøtet gjekk også gjennom og drøfta dei mange oppgåvene laget ser for seg å arbeide med vidare framover i 2014 – og i åra deretter! Mange prosjekt og tiltak skal følgjast opp og utviklast.

For å vise breidde og omfang tek vi med i stikkords form oppgåver/prosjekt frå denne lista:

- Kvernhuset i Wensellelva – kraftstasjonen – løa på Langskipsøya samarbeid med Storfjordens venner - malmbana – lokomobilen – Paktarhuset – årsskrift 2014 – registrering av gåver mm – fotoinnsamling/registrering – digitalisering av kyrkjebøkene – Postvegen – kveldseter - kulturminnedag/Postveg marsj - Ørskogdagane – bygdevandringar - medlemsverving.

Vi har nok av oppgåver både i 2014 og i åra deretter! Laget har no om lag 230 medlemmer – der mange gjer ein flott innsats.

Meir opplysningar vil vi kunne finne på laget si nettside www.orskog.historielag.org

Bli medlem i laget – ta kontakt med underteikna.

Ragnar Bakken – sekretær -



***Øvste Tverrelvbrua restaurert!**

Sommaren 2013 vart Tverrelvbrua på Postvegen restaurert av kyndige folk.

Det var Statens vegvesen som stilte med ekspertisen, og arbeidet gjekk svært så fort unna. No kan ein trygt passere elva, sjølv om den mellombelse trebrua er fjerna.